

Forliksavtale mellom Sogn og Fjordane Fylkeskommune og NCC Construction AS

Det er inngått slik forliksavtale mellom

Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFF)
Organisasjonsnummer 941388841

som vegeigar og

NCC Construction AS (NCC)
Organisasjonsnummer 911274426

som entreprenør

om alle omtvista krav inntekne i sluttoppgjeret for anlegget Dalsfjordsambandet, jf kontrakt av 08.09.2010 mellom dei nemnde partane.

1. Som fullt og endeleg oppgjer betalar SFF kr 75.000.000,- (kroner syttifem million) eksklusiv meirverdiavgift (MVA)
2. Oppgjeret omfattar alle omtvista krav NCC har fremja mot SFF som følgje av prosjektet fv 609/fv 057, også dei krava som er til handsaming i Gulating lagmannsrett i sak 13-170064ASD-GULA/AVD1.
3. Summen omfattar også alle krav knytt til saknadsrente, morarente og LPS. Omforeint sum skal tilleggast MVA etter vanlege reglar.
4. Summen skal fakturerast til Statens vegvesen (SVV) (prosjektet) med betalingsfrist 30.09.2014 under føresetnad av at SVV har fakturaen i hende innan 24.09.14. Morarente vert lagt til frå forfall til betaling skjer.
5. SFF og NCC dekkjer egne kostnader med juridisk bistand.
6. Denne forliksavtalen er inngått først når han er underteikna av baa partar, samt godkjend av fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

For Sogn og Fjordane fylkeskommune:

For NCC Construction as:

.....
Åshild Kjelsnes
Fylkesordfører

.....
Knut Liavaag

Påteikning:

Underteikna stadfester at denne avtalen er godkjend av fylkestinget i møte den 23.09.14, sak:.....

.....
-underskrift og stempel-